

Saksbehandlar: Idar Sagen, Plan- og samfunnsavdelinga  
Sak nr.: 15/8146-2

## **Høyringsuttale til søknad om løyve til å bygge ei ny 132 kV linje mellom Dalsbotnfjellet vindkraftverk i Gulen kommune til Frøyset transformatorstasjon i Masfjorden kommune**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at søknaden om 132 kV linja mellom Dalsbotnfjellet vindkraftverk og Frøyset transformatorstasjon er eit nødvendig tiltak for å kunne transportere ut elektrisk kraft frå vindkraftverket, og rår til at det vert gitt løyve til utbygging.
2. Justering av linjetraseen som omtalt i søknaden ved Stølsvatnet like nord for Austgulfjorden og ved Halsane lengst sør i fylket, bør gjennomførast.
3. Det må gjennomførast kulturminneregistrering, og mastefeste og linjeføring må justerast, dersom tiltaket får negative konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø.

### Vedlegg:

1. Brev frå NVE 30.04.2015.
2. Gulen kommune, kommunestyret 03.09.2015, sak 64/15.

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Ny nettilknytning, Dalsbotnfjellet vindkraftverk. Konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing. Zephyr AS 19.03.2015.

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

NVE ber i brev av 30.04.2015 om uttale til ein søknad frå Zephyr AS om å få byggje ei ny 132 kV kraftlinje mellom det planlagde Dalsbotnfjellet vindkraftverk i Gulen kommune til Frøyset transformatorstasjon i Masfjorden kommune, Hordaland. Frist for uttale er 29.06.2015. Fylkeskommunen har fått utsett frist til etter fylkesutvalmøtet 30.09.2015.

Det er planlagt ei 19 km lang luftlinje frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk og sørover til Frøyset transformatorstasjon. Linja vil i hovudsak gå langs dalsidene eller gjennom skogsområde. Kryssinga av Austgulfjorden er planlagt som luftspenn.


Gulen kommune går imot at det vert gitt løyve til Zephyr AS for ny kraftlinje. Kommunen meiner m.a. at området Oppdalsøyra – Kjelby har fått stor belastning i friluftsområde ved Kløvtveit-utbygginga. Ved å bygge ei ny kraftlinje i dette området vil dette bety endå større belastning.

Fylkesrådmannen rår til at det vert gitt løyve til utbygging. Justering av linjetraseen som omtalt i søknaden ved Stølsvatnet like nord for Austgulfjorden og ved Halsane lengst sør i fylket, bør gjennomførast. Det må gjennomførast kulturminneregistrering, og mastefeste og linjeføring må justerast dersom tiltaket får negative konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø.

### **2. Bakgrunn for saka**

Zephyr AS fekk i september 2013 løyve til å bygge Dalsbotnfjellet vindkraftverk. Samtidig fekk Statkraft Agder Energi Vind DA (SAE Vind) løyve til å bygge til Brosviksåta vindkraftverk. Zephyr og SAE Vind samarbeidde om ei felles nettløysing, og SAE Vind fekk løyve til å bygge ei 132 kV kraftlinje frå Brosviksåta transformatorstasjon til Frøyset transformatorstasjon. I løyvet for Dalsbotnfjellet vindkraftverk er det lagt til grunn tilknytning til nett rett vestover, over Søre Norgulvatnet og til Brosviksåta transformatorstasjon. I 2014 trekte SAE Vind sitt prosjekt, men sidan det var gitt løyve til felles nett for dei to vindkraftprosjekta, vart kraftlinja ikkje trekt. Gulen kommune har klaga på løyvet/konsesjonen for Dalsbotnfjellet vindkraftverk med nettløysing som omtalt. Saka vert handsama vidare i Olje- og energidepartementet.

Zephyr AS søker no om ei eiga og meir direkte nettløysing for sitt vindkraftprosjekt. Denne nettløysinga er i hovudsak samanfallande med alternativ 2b i konsesjonssøknaden for Dalsbotnfjellet vindkraftverk (jf. kart nedanfor).



Kart frå konsesjonssøknaden for Dalsbotnfjellet vindkraftverk.

### Fylkesdelplan for arealbruk

Det er ikkje direkte konflikt mellom det aktuelle tiltaket og regionalt viktige friluftsområde, jf. fylkesdelplan for arealbruk (2000).




Fylkesatlas. Regionalt viktige friluftsområde er markert med grønn farge.



Fylkesatlas: Verneplan for vassdrag. Den nye linja vil krysse det verna Yndesdalsvassdraget.

### 3. Det planlagde tiltaket



Ny 132 kV linje Dalsbotnfjellet-Frøyset. Lengde 19 km. Fjordspenn over Austgulfjorden: 1,3 km.

Linja skal byggast på H-master med trestolpar. Byggeforbudsbeltet og skogryddingsbeltet langs linja vil få ei breidde på 29 meter. Eksempelbilde (under) viser tremaster og fjordspennmaster.

Fundamentering vil bli utført med graving til fjell eller 2-3 meters dypne i lausmassar. På fjell i dagen skal stolpane festast med stag. Det kan/vil bli brukt helikopter for transport av nødvendig utstyr, gravemaskin for graving for fundamentering og reising av stolpar/linjer og ATV med hengar for transport av materiell.



Figur 2.3. Eksempel på 132 kV kraftledning bygget på H – master av trestolper med toppline.



Figur 2.4. Eksempel på 132 kV fjordspennmuster.

#### 4. Konsekvensar av tiltaket

Sitat frå samandraget i søknaden, side 10:

##### *Konsekvensvurderinger*

*Virkninger av nett-traseen vil først og fremst være knyttet til risikoen for kollisjoner mellom fugler og linene. Virkningsområdet er vurdert å ligge på lite-middels negativt, og vurderes å være størst for lommer som hekker nær traseen samt for store rovfugler og hønsfugler. Konsekvensen blir liten-middels negativ. For øvrige naturmangfoldstema vil konsekvensen være ubetydelig eller liten negativ.*

*Nettløsningen medfører etablering av linje gjennom områder som for det meste ikke er berørt av tyngre tekniske inngrep pr. i dag. Traseen går gjennom et skiftende landskap, og området er inndelt i syv forskjellige delområder. Kryssing av Austgulfjorden med et 1,4 km langt fjordspenn vil nok være den mest iøynefallende delen av traseen. Ellers passerer linja rundt hundre meter fra bebyggelse på Kjellbju, hvor den følger dalfoten i utkanten av jordbruksarealene. Ved kryssingen av Austgulfjorden og det lange spennet mellom Varden og Bufjellet bryter linjeføringen med de topografiske hovedretninger. Linjeføringen langs øvrige deler av traseen er for det meste god, og følger dalganger og hovedsakelig langs dalsidene. Sør for Kjellbju passerer et område med flere kulturminner. Her er det også inngrepsfritt (INON). Sørlike deler av traseen går gjennom skogsområder. Foruten ved Kjellbju omtrent midtveis og Lisabrekkene aller lengst i sør er det ikke bebyggelse i nærheten av traseen. Konsekvensene er små i alle delområder, med unntak av Austgulfjorden, der konsekvensen er vurdert til liten – middels negativ.*

*Det er forholdsvis få kulturminner langs traseen, og for det meste ruiner etter gårdshus og støler og et par uregistrerte kulturlandskapsområder. Verdiene er jevnt over små. Ingen kulturminner blir direkte berørt, men nærføring vil medføre en viss endring av sammenhengen mellom kulturminne/kulturmiljø og omgivelsene. Konsekvensen er samlet liten negativ.*

*0,5 daa fulldyrka jord, 0,7 daa overflatedyrka jord og 3,1 daa innmarksbeite ligger innenfor båndleggingsarealet(29 meters bredde) på Kjellbju. Her vil det være noen restriksjoner, blant annet i forhold til gjødsling. Arealbeslag pga. mastepunkter er pr. nå ikke kjent, da linjen ikke er detaljplanlagt. Konsekvensen er vurdert å være liten negativ. Jordbruksareal ved Lisabrekkene lengst i sør blir ikke berørt. Det vil være nødvendig å rydde en del skog i restriksjonsarealet, men virkningene for skogbruk knytter seg først og fremst til redusert produksjonspotensial samt noe endrede driftsforhold. Konsekvensen er vurdert til middels negativ i to områder med høy og særs høy bonitet, begge langs traseens sørlige halvdel.*


*Store deler av traseen passerer lokalt viktige friluftsområder og langs sti sørover fra Kjellbju, men bruksfrekvensen er lav. Virkningene dreier seg først og fremst om at områdenes attraktivitet blir noe redusert, og konsekvensen er vurdert som liten negativ.*


**Tema: Landskap**

Tabellen viser konsekvensvurdering for ulike delområde, jf. kartet under. Delområde 7 og det meste av 6 ligg i Hordaland.

Tabell 5.3. Sammenstilling av verdi, omfang og konsekvens i de definerte delområdene som inngår i influensområdet for ny nettilknytning for Dalsbotnfjellet vindkraftverk.

Delområde	Verdi	Omfang (negativt)	Konsekvens (negativ)
1. Stølsvatnet - Fossdalen	Liten – middels*	Lite – middels	Liten (-)
2. Austgulfjorden	Middels	Lite – middels	Liten – middels (-/-)
3. Varden - Bufjellet	Middels	Lite	Liten (-)
4. Kjellbju	Middels	Lite	Liten (-)
5. Halsane – Bondesteinen	Middels	Middels	Middels (-)
6. Myrdalen	Middels	Lite	Liten (-)
7. Lisabrekkene -Tangesdalsvatnet	Middels	Lite	Liten (-)





Fossedalen sett fra sørsida av Austgulfjorden. Linja vil krysse over dalen til Storefjellet, 218 moh (til venstre i bildet) og gå i fjordspenn over fjorden til Varden, 415 moh, på sørsida.

#### Tema: kulturminne og kulturmiljø.

Tabellen viser konsekvensvurdering for ulike delområde.

Tabell 6.4. Sammenstilling av verdi, omfang og konsekvens for kulturminner, kulturmiljø og kulturlandskap langs traséen for ny nettilknytning, Dalsbotnfjellet vindkraftverk.

Kulturminne/kulturmiljø	Verdi	Omfang (negativt)	Konsekvens (negativ)
Haugestølen	Liten - middels	Lite	Liten (-)
Alvedalsløene	Middels	Lite	Liten (-)
Kulturlandskapet på Kjellbju	Liten – middels	Lite	Liten (-)
Utmarksminner sør for Halsane	Liten	Lite – middels	Liten (-)
Kulturlandskapet på Lisabrekkene	Liten – middels	Lite	Liten (-)

#### Tema: Nærmiljø og friluftsliv

Tabellen viser konsekvensvurdering for ulike tema.

Tabell 8.4. Verdi, omfang og konsekvens for friluftsliv i influensområdet for ny nettilknytning.

Ressurs/område	Verdi	Omfang (negativt)	Konsekvens (negativ)
Friluftsområder og turstier	Liten	Lite – middels	Liten (-)
Hytter og fritidseleddommer	Middels	Lite	Liten – middels (-/-)
Hjortejakt	Middels – stor	Lite	Liten (-)
Småviltjakt	Liten	Lite	Liten – ubetydelig (0/-)



## 5. Andre sitt syn på saka

Gulen kommune, kommunestyret 03.09.2015, sak 64/15:

*Gulen kommune går imot at det vert gjeve konsesjon til Zephyr AS for ny nettrasé. Område Oppdalsøyra – Kjelby har fått stor belastning i friluftsområde ved Kløytveit utbygginga. Ved å legge ein ny nettrasé i dette område vil dette medføre ei endå større belastning for område og dei som bur og bruker dette område for kultur og friluftsområde.*

## 6. Fylkesrådmannen si vurdering

### Kulturminne og kulturmiljø

Få eller ingen registrerte kulturminne er ikkje uttrykk for at slike ikkje finst. I Sogn og Fjordane vart ikkje bygningar i stølsområde og ruinar prioritert registrert i samband med Sefrak-registreringa, grunna tidspress. Derfor manglar denne typen kulturminne i sefrakregisteret i fylket. Andre typar kulturminne frå nyare tid (etter år 1537) er ikkje systematisk registrerte og inngår difor heller ikkje i databasar. Kulturminneregistrering er naudsynt for å avklare kva konsekvensar linja vil ha på kulturminne og kulturminnerverdiar.

I bygdene er det dokumentert gardsbusetnad frå jernalder og mellomalder. På same tid vart det drive stølsdrift og dels intensiv beiting av utmarksområde. Det vil difor vere automatisk freda kulturminne i områda som linja går gjennom. Denne typen kulturminne blir i stor grad berre påvist ved faglege kulturminneregistreringar. Slike registreringar må difor gjennomførast. Linjestrekningar og mastefeste må justerast dersom det viser seg at kulturminne og kulturminneområde vert direkte eller indirekte råka av linjeframføringa.

Sjølv om det ikkje går direkte fram av plandokumenta, vil ei større kraftlinje likevel påverke landskapet både visuelt og ved fysiske inngrep. Stolpefeste, anleggsvegar m.m. kan lokalt sterkt påverke kulturmiljøet og gamle strukturar, både over og under bakken.

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på. Det må ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet.

### Landskap og friluftsliv

Konsekvensvurderinga viser liten til middels konsekvens for dei ulike delområda. Det vil mest truleg verte sett krav om merking av fjordspennet over Austgulfjorden med maling av master i signalfargar og flymarkørar på linjene over fjorden. Dette er sikringstiltak for å gjere anlegget meir synleg for fly og helikopter, men som vil påvirke landskapsbildet negativt.

I søknaden er det omtalt mogelege avbøtande tiltak ved Stølsvatnet like nord for Austgulfjorden og ved Halsane lengst sør i fylket, jf. søknaden side 48:

*Gjeldende forslag krysser midt i dalrommet som omgir Stølsvatnet. Dersom traseen i stedet legges inn mot dalfoten på nord- og vestsiden av vannet, vil linjeføringen harmonere noe bedre med landskapet, og redusere virkningene i forhold til Haugestølen. Det bør vurderes å legge traseen noe lengre inn mot dalfoten i delområde 6. Halsane – Bondesteinen der traseen krysser inngangen til Austrebotnen.*

Fylkesrådmannen støttar desse vurderingane. Desse tiltaka vil også ha positive verknader i forhold til kulturminne og kulturmiljø.

### Samla vurdering

Den omsøkte 132 kV linja mellom Dalsbotnfjellet vindkraftverk og Frøyset transformatorstasjon er eit nødvendig tiltak for å kunne transportere ut elektrisk kraft frå vindkraftverket. Justering av linjetraseen som omtalt i søknaden ved Stølsvatnet like nord for Austgulfjorden og ved Halsane lengst sør i fylket, bør gjennomførast. Det må gjennomførast kulturminneregistrering, og mastefeste og linjeføring må justerast dersom tiltaket får negative konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø.

## **7. Konklusjon/tilråding**

Fylkesrådmannen meiner at søknaden om ei 132 kV linja mellom Dalsbotnfjellet vindkraftverk og Frøyset transformatorstasjon er eit nødvendig tiltak for å kunne transportere ut elektrisk kraft frå vindkraftverket, og rår til at det vert gitt løyve til utbygging. Justering av linjetraseen som omtalt i søknaden ved Stølsvatnet like nord for Austgulfjorden og ved Halsane lengst sør i fylket, bør gjennomførast. Det må gjennomførast kulturminneregistrering, og mastefeste og linjeføring må justerast, dersom tiltaket får negative konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø.